



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
25.01.2013
Dykkar dato
17.10.2012

Vår referanse
2009/2131 - 561
Dykkar referanse

Noregs vassdrags- og energidirektorat,

nve@nve.no

Fråsegn til tilleggsutgreiing med nytt utbyggingsalternativ for Breim kraftverk i Storelva, Gloppen kommune

Vi viser til oversending datert 17.10.2012 med eit nytt utbyggingsalternativ for Breim kraftverk. Vidare viser vi til fråsegna vår datert 1.9.2011.

Fylkesmannen vurderer at alternativ C i nokon grad imøtekjem innvendingar vi hadde til hovudalternativet for Breim kraftverk. Det nye alternativet vil likevel også i stor grad råke allmenne interesser, og ut i frå dei opplysningane som ligg føre bør det heller ikkje gjevast løyve til dette alternativet. Det er uklart om og i kva grad tiltaket kan påverke nasjonale verdiar innan naturmiljø og biologisk mangfald som eskeren ved Fløtre og storaurebestanden i Breimsvatnet. Konsekvensane for vasskvaliteten er førebels uavklarte for begge dei to alternativa.

I fråsegna til alternativ A vurderte vi konsekvensar for miljøfaglege, landbruksfaglege og beredskapsfaglege interesser. Den samla vurderinga var at det ut ifrå negative verknader for allmenne interesser som naturmangfald og landskap, og manglande kunnskapsgrunnlag innan fleire område, ikkje burde gjevast konsesjon.

Det nye alternativet imøtekjem i nokon grad innvendingane til alternativ A ved å ta omsyn til dei store allmenne interessene knytt til Seimestranda og elveosen i Breimsvatnet. Vidare vil tunnelmassen verte deponert på land og ikkje i vatnet.

Vi grunngav i fråsegna til alternativ A at det var knytt store konfliktar til det store vassuttaket. På strekinga som skal fråførast vatn vert konsekvensane tilnærma like for alternativ A og alternativ C1. Konsekvensane vert ytterlegare forsterka for alternativ C2, som er planlagt med enda mindre sommarvassføring.

Når det gjaldt storaure la vi i fråsegna vekt på lokal kunnskap om historiske fangstar, og vi vurderte kunnskapsgrunnlaget som utilstrekkeleg til å avskrive Storelva som leveområde for storaurebestanden i Breimsvatnet. Storaurebestandar har nasjonal verdi og skal tilleggast stor vekt i utbyggingssaker.

Inntaksdammen til det gamle kraftverket i Flølofossen vart teken av flaum for nokre få år sidan. Dette fjerna vandringshinderet som vart etablert då fisketrappa forbi dammen forfall etter at kraftverket var lagt ned på 1950-talet. Det er vanskeleg å tenke seg at denne trappa ville verte bygd utan at det var fisk som vandra i vassdraget i eit visst omfang.

Rapport nr 6215-2011 frå NIVA som ikkje låg føre ved høyringa av alternativ A, gjev eit anna bilete av fiskeproduksjonen i Storelva enn det som kjem fram i konsekvensutgreiinga. NIVA

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

rapporterar om god bestand av ungfisk med god kondisjon både på og ovanfor tiltaksstrekninga, og botndyrundersøkinga understøtta at det var gode mattilhøve for ungfisk. Storleiksfordeling samt fråvær av kjønnsmoden aure kunne tyde på ungfiskproduksjon frå vandrande storaure, men det må uforast ytterlegare granskingar for å verifisere dette.

Den lokale kunnskapen og den fiskefaglege kunnskapen tilseier at Storelva er ein sannsynleg del av det økologiske funksjonsområdet for storaurebestanden i Breimsvatnet. Elva har eigna gyteområde og gode næringstilhøve for fisk, men det er uavklart om storaure fanga i Storelva har vore på nærings- eller gytevandring eller begge deler. Dette tilseier at kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkelig til å vurdere kva effekt utbygginga vil ha på bestanden, og føre-var-prinsippet må dermed leggjast til grunn.

Temaet sedimenttransport og sedimentering av breslam er så vidt kommentert i hydrologirapporten. For oss ser det ikkje ut til å vere tilstrekkeleg avklart at den sterkt reduserte vassføringa ikkje vil føre til auka sedimenteringa på den planlagt regulerede strekninga. I tillegg kjem det inn ei sideelv 0,6 km ovanfor inntaket som fører med seg mye masse i periodar med høg vassføring. Sedimentering av breslam og erodert masse kan tette holrom i elvebotnen og fylle opp kulpas og djupare parti av elva, og øydeleggje leveområde for fisk. Dette er eit velkjent problem i mange regulerede vassdrag. Om det vert bygd tersklar slik det er føreslege som avbøtande tiltak vil det heller forsterke problemet.

Det er planlagt å kanalisere ei strekning på inntil 150 m i Storelva for å senke undervassstanden for kraftverket med inntil 1,5 m, og det vil verte lagt til rette for fiskevandring på sida av kanalen. Dette vil etter vårt syn utgjere eit monaleg tilleggsinngrep til avlaupskanalen frå kraftverket og ut i elva, og vi kan ikkje sjå at det er grunngeve med anna enn å vinne fall. Planane er for lite detaljerte til at vi kan ta stilling til moglege effektar for fisk, men det vil alltid vere usikkert om planlagde fiskepassasjar vil fungere som tilsikta.

Det må sjekkast ut om inntaket og røyrgata kjem i konflikt med eskeren ved Føtre som har nasjonal verdi og er nærare omtalt i fråsegna til alternativ A. Tilleggsutgreiinga er vidare upresis når det gjeld massedeponi og bruk av massar, og vi etterlyser fotomontasjar i tråd med KU-programmet. Det same gjeld plassering og utforming av inntak og avlaup frå kraftstasjonen. Vi reknar med at det vil verte lagt fram meir detaljerte planar før sluttsynfaringa.

Som nemnd i fråsegna er det Miljøverndepartementet som skal behandle søknad om vassuttak (drift av kraftverket) etter ureiningslova. Spørsmålet om løyve etter ureiningslova bør leggjast fram for KLIF slik at dette er avklart på fagleg grunnlag før saka vert førelagt Olje- og energidepartementet for behandling.

Vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum god økologisk status. I tilstandsklassifiseringa etter vassforskrifta er Storelva i tilstandsklasse moderat økologisk tilstand. Det er vidare konkludert med at tilstanden er dårleg (klasse 4) for både tot. N og tot. P, og moderat (klasse 3) på TKB (bakteriar). Storelva er dermed ei elv som krev tiltak for å forbetre tilstanden slik situasjonen er i dag. Forskrifta opnar ikkje for at det kan utførast tiltak som gjer at tilstanden vert enda dårlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12.

Konsekvensane for vasskvaliteten er førebels uavklarte for begge dei to alternativa. Dersom det vert tilført ureining på den planlagt utbygde strekninga, eller fortynningseffekten i

vassdraget vert for låg til å kunne nå god tilstand (klasse 2), er vår førebelse vurdering er at det ikkje kan settast i verk nye tiltak som forverrar tilhøva i Storelva.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
assisterande fylkesmiljøvernsjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi: Gloppen kommune
Breim kraftverk
Direktoratet for naturforvaltning